

Forskargruppe i mellomalderfilologi

Research Group for Medieval Philology

Årsrapport 2013

Odd Einar Haugen, Aidan Conti og Helen F. Leslie (alle ved LLE)

1. Leining

Forskargruppa i mellomalderfilologi vart oppretta på eit ope møte 23. januar 2012. Det første året var leiargruppa samansett av **Odd Einar Haugen, Åslaug Ommundsen** og **Helen F. Leslie**. Etter eit valmøte 30. januar 2013 gjekk **Aidan Conti** inn i leiargruppa i staden for Åslaug Ommundsen (som var i permisjon i vårsemesteret 2013).

2. Samansetjing av forskargruppa

Forskargruppa har 24 medlemmer i Bergen og 7 utanfor byen. Av desse er 12 i vitskaplege stillingar ved Universitetet i Bergen. Dei som er lista opp her, har alle vore med på minst ein aktivitet i forskargruppa i 2013:

- a. Seniorforskarar: Odd Einar Haugen (LLE), Jens Eike Schnall (LLE), Aidan Conti (LLE), Ole-Jørgen Johannessen (pensjonert, LLE), Kari Haugland (IF), Jørn Øyrehagen Sunde (Jus), Rune Kyrkjebø (UBB),
- b. Postdoktorar: Helen Leslie (LLE), Astrid Marner (LLE)
- c. Stipendiatar: Kristin Hartveit (LLE), Robert Paulsen (LLE), Florian Schreck (LLE), Synnøve M. Myking (LLE)
- d. Timelærar: Hilde Stoltz (LLE)

Ei fullstendig liste over medlemmer i og utanfor Bergen ligg på nettsidene til forskargruppa, <http://www.uib.no/fg/mellomalderfilologi>

3. Forskingsplan

Vårsemesteret 2013 drøfta gruppa ein forskingsplan for arbeidet. Denne vart kunngjort 16. april 2013, og ligg no føre på både norsk og engelsk. Forskingsplanen er lagd ved i norsk språkform i denne rapporten.

4. Nettsider

Den såkalla eksternwebben ved UiB vart omlagd i vårsemesteret 2013. Vi har no for det meste fått nettsidene over i ny form, noko som har kosta oss meir arbeid enn ønskeleg, ettersom nokre funksjonar først kom på plass ei stund etter omlegginga. Nettsidene har norsk og engelsk språkform.

5. Endringar i personalet i 2013

Frå 1. januar 2013 vart **Jens Eike Schnall** tilsett som førsteamanuensis i norrøn filologi (i realiteten i stillinga etter Else Mundal, som gjekk av 31. desember 2012). **Robert Paulsen** vart tilsett som ph.d.-stipendiat frå 1. august 2013, **Florian Schreck** frå 10. november 2013, og **Helen F. Leslie** som postdoktor frå 24. desember 2013. Dei tre sistnemnde har alle stillingar på fire år med 25 % pliktarbeid.

6. Faglege møte

Vi har halde seks faglege møte i seminarform (dvs. 45 minuttars presentasjon og 45 minuttars diskusjon). Alle var opne og vart annonserte på nettsidene til LLE og HF-fakultetet. Dei vart haldne i rom 372 (i eitt tilfelle i 371) i HF-bygget:

1. **Eike Schnall**, Bergen: Ordstrid, øl og publikum: verbale dueller som kulturelt referansemønster (30.01.2013)
2. **Tom Hellers**, Bonn/Bergen: Valknútr – trekantsymbolet fra vikingtiden (20.02.2013)
3. **Ingvil Brügger Budal**, NLA Høgskolen: Å etterlikne ei omsetjing. Bruk av presens partisipp i *Elis saga ok Rósamundu* (20.03.2013)
4. **Elizabeth Ashman Rowe**, Cambridge, UK: *Hauksbók* and its Worldview (17.09.2013)
5. **Astrid Marner**, LLE: Homiliar i forandring (07.11.2013)
6. **Robert Paulsen**, LLE: The Old Norse Gerundive (06.12.2013)

7. Lesegrupper

I vårsemesteret arrangerte forskargruppa ei open lesegruppe i gammalhøgtysk under leiing av **Tonya Kim Dewey**. I denne gruppa møtte det fagleg tilsette og studentar ved både LLE og IF. Frammøtet varierte noko, men det var sjeldan under ti personar på møta. I alt hadde lesegruppa fem møte, alle på onsdagar kl. 18.15–20.00. Møta i lesegruppa vart avslutta med mat og drikke, og vart haldne i rom 372 HF-bygget.

Under leiing av **Jens Eike Schnall** vart det også halde ei lesegruppe i norrøne tekstar i slutten av vårsemesteret. Gruppa samla både lærar og studentar. Det vart tid til fire møte før sommarferien (på tysdagar ved lunsjtid). Teksten var *Sneglu-Halla þáttr*. Lesinga blir teken opp igjen i vårsemesteret 2014.

8. Ekskursjonar

Forskargruppa arrangerte to to-dagars ekskursjonar i 2013. Den første vart halden 9.–10 mai og gjekk til Haugesund (Haraldshaugen) og Karmøy (Avaldsnes). Den andre vart halden 30.–31. august og gjekk til Sogn – Urnes, Kaupanger, Eggja,

Stedje, Leikanger og Vik. Under begge ekskursjonane ytte **Hilde Stoltz** og **Sigurður Bjarnason** ein stor innsats i planlegging og gjennomføring (inkl. innkjøp av hestekjøt!), i tillegg til **Jens Eike Schnall**.

9. Arbeidsseminar

Jens Eike Schnall (LLE) og **Jonas Wellendorf** (Berkeley) arrangerte 21.–24. november eit arbeidsseminar om “Knowledge of the North”. På to av dagane hadde seminaret offentlege innlegg av elleve personar, frå USA, Tyskland, Danmark og Noreg. Det vart støtta av Peder Sather Center for Advanced Study ved University of California, Berkeley, under medfinansiering frå LLE. Sjå <http://www.uib.no/en/rg/medievalphilology/42825/workshop-knowledge-north-traditions-transformations-and-practices>.

10. Annan aktivitet

Dei enkelte medlemmene har vore aktive i mange andre samanhengar, utan at vi ser det som nødvendig å rapportere dette her. Men det kan nemnast at to av medlemmene, **Odd Einar Haugen** og **Aidan Conti** har vore aktive i det COST-finansierte *Parvum Lexicon Stemmatologicum*, som vil bli driven ved Universitetet i Helsinki. Odd Einar Haugen er *Editor-in-Chief* og Aidan Conti *curator* for kategorien ‘Error’.

11. Motteken støtte i 2013

Forskargruppa søkte om og fekk støtte til dei to ekskursjonane nemnde under pkt. 8 (17.000 kr), og i tillegg fekk gruppa støtte til gjesteførelsinga ved **Elizabeth Ashman Rowe** (7.600 kr) nemnd under pkt. 6. Forskargruppa har også fått ei løyving på 18.000 kr til innkjøp av bøker til boksamlinga i rom 442 i HF-bygget.

12. Planar for aktivitet i 2014

Så langt har vi planlagt desse faglege møta i vårsemesteret (førebels titlar):

1. **Odd Einar Haugen**, Bergen: Syntaktisk annotasjon av gammalnorsk (Menotec- og INESS-prosjekta) (06.02.2014)
2. **Aidan Conti**, Bergen: Scribes and Their Exemplars (20.02.2014)
3. **Tonya Kim Dewey**, Ghent: Dative Sickness (19.03.2014)
4. **Dale Kedwards**, York: Mappa Mundi (24.04.2014)

Helen F. Leslie ønskjer også i 2014 å ta med seg studentar til det årlege møtet i Viking Society for Northern Research, som skal haldast i Durham, 8. februar 2014. Ho har teke med seg studentar to gonger tidlegare på slike møte, først i Cambridge i 2011 og deretter i Glasgow i 2012.

Odd Einar Haugen og **Helen F. Leslie** vil arrangere eit eindags arbeidsmøte 31. mars 2014 i tilknytning til eit forskingsseminar om landslova. Til dette har no forskargruppa motteke ei støtte på 15.000 kr frå forskingsutvalet ved LLE (frå 2014-budsjettet). Jørn Øyrehagen Sunde (Jus) vil også formidle støtte til seminaret med løyvingar på hans fakultet. Dette seminaret er eit høve for ph.d.-studentar til å leggje fram poenggejvande innlegg i opplæringsdelen av forskarutdanninga.

Jens Eike Schnall og **Jonas Wellendorf** skal 3.–6. april 2014 arrangere eit nytt arbeidsseminar med tittelen “Knowledge of the North” ved University of California, Berkeley, igjen støtta av Peder Sather Center for Advanced Study.

Jens Eike Schnall og **Odd Einar Haugen** fått løyving frå den nasjonale forskar-skolen i språkvitskap og filologi til å arrangere eit tredagars forskarkurs for norske og utanlandske ph.d.-studentar. Dette skal etter planen haldast i Tübingen 18.–20. september 2014. Også dette kurset er eit høve for ph.d.-studentar til å leggje fram poenggejvande innlegg i opplæringsdelen av forskarutdanninga.

Etter planen skal vi ha ei lesegruppe i gotisk i 2014, truleg under leiing av **Robert Paulsen**. Lesegruppa i norrønt under leiing av **Jens Eike Schnall** held fram.

Vi reknar også med å arrangere ein ekskursjon i 2014.

Bergen, 19. desember 2013,



på vegner av forskargruppa

Lærdom og tekstkultur

Forslingsplan

Forskargruppe i mellomalderfilologi ved Universitetet i Bergen



Lærdomstårnet *Typus Grammaticae* frå *Margarita philosophica*, ein encyklopedi forfatta av Gregor Reisch og utgjeven i Freiburg i 1503.

Lærdom og tekstkultur

Forskargruppa i mellomalderfilologi (FIM) er ei breitt organisert gruppe som samlar medlemmer i og utanfor Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) ved Universitetet i Bergen. Dette er den eine av to forskargrupper som HF-fakultetet har gjeve i oppdrag å føre vidare mellomalderforskinga ved Universitetet i Bergen etter at Senter for mellomalderstudiar (CMS) vart avvikla ved utgangen av 2012. Etter konstitueringa i januar 2013 har gruppa valt å samle seg om fire forskingsfelt. Desse felte utelukkar ikkje andre forskingsinteresser i gruppa, men dei er eit uttrykk for område der gruppa har gode konstallasjonar av forskarar og forskingsinteresser, og der det vil vere rom for nye medarbeidarar, det vere seg i phd-stipend, i postdoktorstillingar eller med andre tilknytingsformer.

I gruppa ønskjer vi å setje fokus på mellomalderleg tenking, lærdom og litteratur i brei forstand. Slik dei ulike kunnskapsområda vart forstått og organisert av dei mellomalderlege lærde vil vi steg for steg undersøkje den litteraturen som knytter seg til dei tilsvarende felte – dei språklege faga i det grunnleggjande *trivium*, dei talbaserte faga i *quadrivium*, like fram til jus, medisin og teologi. Det vil seie at gruppa omfattar både språkvitskaplege, litteraturvitskaplege og kulturvitskaplege tilnærmingar til kjeldene, og såleis står i ein filologisk tradisjon, slik denne vart utforma på slutten av 1700-talet og seinare har vore dyrka ved kontinentale og nordiske universitet. Forskargruppa har fleire medlemmer som arbeider med norrønt og latin, men blant medlemmene er det også ekspertise i eldre engelsk, fransk og tysk språk.

1. Teksttradisjon og tekstkritikk

Studiet av tekst i original språkform var ein essensiell del av *ars grammatica*, den første del av *trivium*. Dette studiet er også ein kjerne i filologien, og til dette høyrer studiet av korleis tekstar vart skapte og traderte. To av medlemmene i gruppa, Odd Einar Haugen og Aidan Conti (begge ved LLE), har arbeidd med tekstkritiske spørsmål, m.a. i det internasjonale nettverket *Studia Stemmatalogica*. Dette er eit felt der det er tenleg med kritiske refleksjonar over dei ganske ulike arbeidsmåttane innanfor utgjevinga av klassisk og folkespråkleg litteratur. Det edisjonsfilologiske arbeidet med nyutgjevinga av Magnus Lagabøtes landslov (område 3 nedanfor) sluttar seg nært til dette feltet. Odd Einar Haugen og Aidan Conti er også engasjerte i oppbygginga av wiki-ressursen *Parvum lexicon stemmatologicum*. Elles bør det nemnast at ein ved LLE lenge har hatt ei interesse for digital tekstutgjeving (*Medieval Nordic Text Archive*) og fontutvikling (runefontane *Gullhornet* og *Gullskoen*, forutan *Medieval Unicode Font Initiative*).

2. Lærdomslitteratur

Dette er eit stort felt, der fleire av medlemmene i gruppa er aktive. Jens Eike Schnall (LLE) og Jonas Wellendorf (UC Berkeley) vil undersøkje kunnskaps-tradisjonar som spenner frå mellomalderen til tidleg moderne tid. Målet er å studere både kunnskapsorganisering og samlingskonsept, og vidare vitskaps-relaterte diskursar i dei lærde miljøa frå mellomalderen fram til barokken. Dette feltet omfattar eit studium av lærde nettverk i dei urbane sentra i Norden, der sirkulasjon og konsentrasjon av kunnskap vart skapt i eit nært samband med det kontinentale Europa. Eit særleg blikk vil bli retta mot den encyklopediske litteraturen, på samspelet mellom den latinske faglitteraturen og litteraturen på folkespråka, og på omforminga av vitskaplege ordningar og dei innovasjons-prosessane som munna ut i skapinga av eit nytt vitskapssyn i tidleg moderne tid. Frå et komparativt mellomalder- og resepsjonsperspektiv er det vidare grunnlag for å studere skaldedikting og nordisk mytologi, m.a. mellomalderlege forsøk på å forstå norrøn heidendom i ein frelseshistorisk kontekst. Til lærdomslitteraturen høyrer også den homiletiske litteraturen, som har svært tidlege representantar i Norden, både den islandske homilieboka og den norske (begge frå rundt 1200). Den norske homilieboka har vore utforska i miljøet (*Vår eldste bok*, utg. Odd Einar Haugen og Åslaug Ommundsen, 2010). Vidare studiar i den homiletiske litteraturen er eit desideratum, både i form av korpusoppbygging over dei norrøne homiliane og (kanskje uventa) eit lenge forsømt studium av den språklege forma særleg i den gammalnorske homilieboka. Endeleg skal det nemnast at grammatiske avhandlingar, forfatta både i Norden og elles i Europa, høyrer med i *ars grammatica*. Desse opnar for språkvitskaplege studiar (grammatikk i moderne forstand) i tillegg til logiske og retoriske studiar.

3. Norsk rett i mellomalderen

Jørn Øyrehagen Sunde (Juridisk fakultet, UiB) og Odd Einar Haugen (LLE) har teke initiativ til eit større prosjekt omkring landslova til Magnus Lagabøte. Her er det etablert eit samband med forskarar utanfor Bergen, m.a. Magnus Rindal ved Universitetet i Oslo og Bjørg Dale Spørck ved Nasjonalbiblioteket. Dette prosjektet har fleire sider, både av edisjonsfilologisk og rettshistorisk art, men for forskargruppa vil studiet av dei latinspråklege kjeldene vere av særleg interesse, både *Corpus iuris civilis* (den justinianske romarretten), *Decretum Gratiani* og seinare *Liber extra* (den kyrkjelege lovgjevinga). I tillegg vil gruppa arbeide med det latinspråklege fragmentmaterialet i Riksarkivet, der dei juridiske fragmenta enno ikkje har vore tilstrekkeleg utforska. For gruppa vil også det leksikografiske arbeidet med den norske mellomalderlatiniteten vere til hjelp; dette vart i si tid sett i gang av Eirik Vandvik med assistanse av Vegard Skånland, har seinare vore drive av Lars Boje Mortensen og blir no forvalta av Aidan Conti.

4. Transformasjonar av det heroiske

Dette prosjektet vil sjå på den litterære sida av historisk kunnskap og historisk skriving, dvs. forteljingane om fjernare tider, og dei praksisane som er knytte til denne litteraturen. Her vil vi fokusere på heltefigurar og ulike typar av heroiseringar og heroismar, framfor alt på dei seinare transformasjonane av "heltane" i den nordiske fortida, og dessutan konstruksjon, bruk og skifte av modellar for heroisme og heroisk tid. Heroiske førestillingar er sentrale i mellomalderleg litteratur, og det gjer at vi også vil trekkje inn den religiøse litteraturen og studere korleis lokale helgenar og kongar vart fremja som heltar. Det er førebels ikkje avklart kor mange som ønskjer å delta innanfor dette feltet, men Jens Eike Schnall (LLE) vil gjerne trekkje på den kunnskapen og dei kontaktane som allereie er oppretta med eit større tysk forskingssenter i Freiburg, *Helden – Heroisierungen – Heroismen* (SFB 948). På bakgrunn av dette prosjektet kan heroar forståast som fenomen innanfor eit langt tidsperspektiv, *longue durée* (Fernand Braudel), heroisering kan forståast ut frå dei prosessane som skapar heltar gjennom tilskriving av heroiske kvalitetar og heltedyrking, og heroisme kan forståast som heroisk *habitus* som samfunn og samfunnsgrupper tileignar seg, t.d. som adeleg gruppekultur.

Medlemmer


Forskargruppa i mellomalderfilologi har medlemmer hovudsakleg ved LLE, men også ved Institutt for framandspråk (IF), andre fakultet, andre lærestader i Bergen, og dessutan fleire alumnar. I dette ligg det at gruppa dekkjer eit breitt, filologisk felt, og at ho så langt har vore styrt nedanfrå heller enn ovanfrå. For tida er gruppa leidd av tre personar, to ved LLE og ein utanfor LLE: Odd Einar Haugen, Aidan K. Conti og Helen F. Leslie.

Organisasjon

Om gruppa kan det kort seiast at ho har ein matrisestruktur snarare enn ein linjestruktur, dvs. at sjølv om gruppa er lokalisert ved LLE og i den forstand inngår i dei administrative linjene ved dette instituttet, knyter gruppa saman medlemmer på tvers av denne organisasjonen. Den vertikale dimensjonen i matrisen er dei ulike mellomalderspråka som gruppa samla sett har kompetanse i. Den horisontale dimensjonen i matrisen er dei tre tradisjonelle filologiske disiplinane, språkvitskap, kulturvitskap og litteraturvitskap, gjerne i kombinasjon, og alltid med nærleik til kjeldene i deira originale språkform. Det inneber at forskingsgruppa inviterer til innspel frå medlemmene, og at den planen som er lagt fram her, er open for endringar i samsvar med utviklinga i gruppa.

Lesegrupper

I tillegg til den etablerte forma med faglege foredrag ønskjer forskargruppa å arbeide gjennom å drive *lesegrupper*. I vårsemesteret 2013 er det sett i gang ei gruppe i gammalhøgtysk under leiing av Tonya Kim Dewey. Denne gruppa kjem m.a. til å arbeide med *Hildebrandslied*, som har openberr relevans for feltet *Transformasjonar av det heroiske*.



Det islandske handskriftet GKS 1812 4to, bl. 4v, med eit oversyn over systematiseringa av *philosophia*, dvs. dei ulike vitskapane i mellomalderen. Dette handskriftet kom til over ein lengre periode, ca. 1182–1400.

Nettside

Gruppa har ei nettside på eksternwebben ved UiB, både på norsk og på engelsk:

Forskargruppe i mellomalderfilologi:

<http://www.uib.no/fg/mellomalderfilologi>

Research Group for Medieval Philology:

<http://www.uib.no/rg/medievalphilology>

Nettadresser

Parvum Lexicon Stemmatologicum:

https://wikihost.uib.no/stemmatology/index.php/Main_Page

Medieval Nordic Text Archive:

<http://www.menota.org>

Medieval Unicode Font Initiative:

<http://www.mufi.info>

Magnus Lagabøtes landslov 750 år:

<http://folk.uib.no/hnooh/landslov/>

SFB 948 Helden – Heroisierungen – Heroismen

<http://www.sfb948.uni-freiburg.de/>

Omslagsillustrasjonen: *Typus grammaticae*

Kopi frå Universitetsbiblioteket i Freiburg (Breisgau); handkolorering ved Bas Vlam 2013.

I denne illustrasjonen ser vi Nicostrata, som er i ferd med å føre eit ungt menneske til porten av eit tårn. Mellomalderen gav henne æra for å ha oppfunne skrifta, og her står ho ganske riktig med ei alfabettavle i handa. På porten står det å lese *congruitas*, dvs. samsvaret av dei latinske grammatiske kategoriane (numerus, person, genus, kasus). Inne i tårnet er filosofiens gjestebod (*triclinium philosophiae*), representert ved dei sju frie kunstar, *septem artes liberales*. Grammatikken, *ars grammatica*, dannar grunnlaget for all vidare vitskap. I den todelte grunnetasjen kan ein sjå to rom for grammatikken, i det nedste står Donatus, i rommet ovanfor Priscianus. Saman med logikk (Aristoteles) og retorikk inkl. poesi (Tullius = Cicero) dannar grammatikken det såkalla *trivium* (tre-veg), dei tre språklege kunstane. Derifrå gjekk ein over til dei fire teljande eller reknande kunstar, *quadrivium* (fire-veg), aritmetikk (Boetius), musikk (Pythagoras), geometri (Euklid) og astronomi (Ptolemæus). Over det heile har ein atter Aristoteles (= filosofus), som står for fysikken, og Seneca, som står for moralfilosofien. Øvst i tårnet finn vi teologien og metafysikken, representert av Petrus Lombardus.

Dato: 5. mars 2013. Oppdatert 26. juni 2013.